

### **Vedlegg 3 Rektorane sine vurderingar**

Som ein del av evalueringa av samarbeidsprosjektet vart det gjennomført intervju/samtalar med rektor Kari Bruvik på Knarvik vgs. (KNV) og rektor Frode Hervik på Austrheim vgs. (AUV).

#### *1. Korleis har skulane opplevd å vere med i eit slikt prosjekt?*

AUV: Deltaking i dette prosjektet har vore utelukkande positivt for skulen, nokre innkøyringsvanskar vart løyste raskt. Allereie skuleåret 2020/2021 vil skulen bruke dei gode erfaringane til å utvide med meir praksis til Vg2 TP, både på industriteknologi og køyretøy. Omfanget på desse programområda vil gjerne vere i noko mindre grad, m.a. skuldast dette òg koronasituasjonen.

KNV: Oppstarten av prosjektet var prega av noko uvisse om korleis vi skulle gripe dette an. Vi tenkte at Vg1-elevane skulle vere med i starten, men etter ei vellukka kick off-samling med bedriftene i februar 2018, vart vi einige om å konsentrere oss om Vg2-elevane. Alt i alt har dette vore eit svært positivt prosjekt for skulen, ikkje minst har det vorte eit tettare samarbeid mellom dei to skulane.

#### *2. Korleis har samarbeidet vore med dei andre aktørane? (fylkeskommunen, opplæringsbedrifter, lærebedrifter)*

AUV: Samarbeidet med dei andre aktørane har vore berre positivt, m.a. jamleg oppfølging med skuleeigar har vore bra. Det viktigaste har gjerne vore at bedriftene er så positive til å prøve ut dette, dette er eit viktig suksesskriterium, og har vore avgjerande for å lukkast.

KNV: Det har vore eit lærerikt og godt samarbeid med både bedriftene, skulane og skuleeigar. Rektor har kome tettare på bedriftene enn før, m.a. var det nyttig å ha ei slik kick off-samling på skulen. Det har vore eit kjempeflott prosjekt.

#### *3. Har ordninga ført til auka læringsutbytte?*

AUV: Elevane som har vore med på dette prosjektet har svært gode resultat når det kjem til fullført og bestått. Dette kan vere ein indikasjon på at læringsutbyttet har vore høgt. Det er særleg i programfaga skulen har sett ein positiv effekt på læringsresultata, medan i fellesfaga har det vore meir utfordrande, spesielt det første året i prosjektperioden. Då hadde skulen lange bolkar med fellesfag, men dette gjekk ein bort frå til det andre året. Det blir og meld at elevane er blitt meir motiverte når dei har vore utplasserte i lenger tid, dette kan òg ha vore positivt for læringsutbyttet.

KNV: Skulen har ikkje konkrete tal på dette, men det blir meld at elevane trivs godt med ordninga og har fått auka motivasjon, og dette er ein klar indikasjon på betre læringsutbytte. At elevane trivs betre med meir utplassering kan og vere positivt for trivsel og motivasjon i fellesfaga og når dei er i «ordinær» skule. Dei har og fått meir reell opplæring på utstyr som ikkje er i skulen, noko som gir dei ein kunnskap dei ikkje kan få på skule.

#### *4. Har bedriftene fått betre lærlingar?*

AUV: Bedriftene kjenner elevane betre når dei har vore utplassert lengre, og viss vi antar at læringsutbyttet i programfaga er blitt betre, kan vi gjerne seie at læringane har eit betre utgangspunkt. Det er vanskelegare å seie noko om elevane har fått læreplass tidlegare, men alle som ønskjer det har fått læreplass. Her har skulen hatt gode resultat tidlegare òg, men det har blitt endå betre.

KNV: Bedriftene har tatt meir ansvar for opplæringa og inntrykket er at dei er meir nøgde. Men vi har ikkje tal som seier at dei er meir nøgde med desse enn med «ordinære» elevar. Ein indikasjon er at bedriftene tar inn lærlingar, sjølv om det er tøffe tider. Når samarbeidet mellom skulen og bedriftene er så tett og godt, blir det og vanskelegare for bedriftene å seie nei til å ta inn lærlingar.

#### *5. Er det blitt betre kontakt mellom skulene og næringslivet?*

AUV: Når tida elevane er utplasserte er blitt auka, vil og lærarane bruke meir tid ute i bedriftene. Derfor har kontakten mellom blitt betre, ikkje minst er det viktig å ha eit tett samarbeid mellom faglærar og ansvarleg i bedrift i samband med vurderinga av elevane.

KNV: Det var god kontakt mellom skule og bedrifter i utgangspunktet, truleg er den blitt endå betre. Faglærar er veldig tett på og stiller krav til bedriftene når det gjeld vurderingsarbeidet. Her har vi funne gode løysingar, og er tydeleg på at det er faglærar som set karakterar.

#### *6. Har modellen endra høve for investeringar?*

AUV: Skulen har brukt modellen på Vg2 byggfag, dette er ikkje det programområdet som har det mest avanserte utstyret. Det har blitt mindre slitasje på skulen sitt utstyr, men det vil nok vere større potensiale for innsparingar på andre og meir utstyrskevande programområde som t.d. industriteknologi og akvakultur.

KNV: I år har vi sagt ja til ein ekstra klasse på Vg2 byggfag, i utgangspunktet har vi ikkje verkstadkapasitet til dette. Men vi kunne gjere det fordi vi auka tida elevane er ute i bedrift, både YFF og delar av programfaga blir gjennomført ute i bedriftene. Dette vil vere avhengig av utdanningsprogram, men modellen medfører at vi kan ha fleire klassar med same verkstadkapasitet. Vi har lang og god tradisjon med tett samarbeid med bedriftene, dette er eit fortrinn for Knarvik (og Nordhordland).

#### *7. Kva overføringsverdi kan modellen ha til andre fag?*

AUV: Modellen vil truleg ha stor overføringsverdi, skulen prøver ut modellen på industriteknologi og kjøretøy inneverande skuleår. Bedriftene har tatt godt i mot denne modellen, men alle er einige om at det er på Vg2 ein vil bruke den. Elevane treng å få den grunnleggande opplæringa på Vg1 inne på skulen, det er skulen og bedriftene einige om.

KNV: Prinsippa i modellen er godt overførbare til andre utdanningsprogram, men vi er avhengige av vilje og kapasitet i bedriftene. M.a. brukar vi ein slik modell på Vg2 byggfag. At elevane får meir av den praktiske opplæringa i bedriftene er ein vinn-vinn-situasjon for alle partar.

*8. Er det noko negativt med ordninga? Var det noko som kunne vore gjort annleis?*

AUV: Lange bolkar med fellesfag gjorde det krevjande første året, ein kunne og oppleve at lange utplasseringsperiodar gjorde det krevjande når elevane var inne på skulen. På denne bakgrunnen gjekk ein tilbake til meir ordinær timeplan i fellesfag, og heller fleire, men kortare utplasseringsperiodar. Når det negative vart korrigert sit skulen igjen med berre positive erfaringar.

KNV: Ei utfordring er vurderinga av utplasseringsperioden, men her fann vi gode løysingar. Elevane har skrive digital logg frå kvar arbeidsdag som er delt med faglærarar som kan følgje med og gi tilbakemeldingar undervegs i utplasseringsperioden. Vi hadde ambisjon om òg å prøve dett ut på Vg1, men gjekk vekk frå dette tidleg. Vi har fått nokre kommentarar frå faglærarar om at dei på ein måte er med på å «undergrave» si eiga stilling, at det blir behov for færre lærarar om meir blir flytta ut i bedriftene. Men lærarane får fullt timetal i desse faga òg, dette er nødvendig for å få modellen til å fungere.